GJER TRU TIL HANDLING - STØTT ARBEIDET I MIDTAUSTEN

NMS

AvtaleGiro
Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR til _____ **kyrkjelyd sin misjonsavtale i Midtausten via AvtaleGiro**

Eg ønskjer å gi kroner (per måned)

- ☐ **300,-**
- ☐ **500,-**
- ☐ **1000,-**
- ☐ **Anna beløp** _____

Belast mitt kontonr:

☐☐☐☐ ☐☐ ☐☐☐☐☐

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

STAD/DATO: _____ MOBIL: _____

UNDERSKRIFT: _____

PERSONNUMMER: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

☐☐☐☐☐☐ ☐☐☐☐☐

KID. NUMMER: (vert fylt ut av NMS)

☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐☐

KUPONGEN SENDER DU TIL: NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

VIL DU GI EI ENKELTGÅVE, bruk konto 8220 02 85057 merk MIDTAUSTEN



DETTE ER DE MED PÅ I MIDTAUSTEN

Å gjera Guds kjærleik synleg på TV

Bilbatteriet til beduinen Habib står i teltet, og der blir det stående. Det held nemleg liv i eit TV-apparat som tar inn signal frå den kristne kanalen SAT-7, og den har forandra livet til Habib. Han har møtt Jesus gjennom programma, fått ein bibel frå SAT-7, og han har lært å be. No samlar fleire familiar seg i teltet til Habib. Heimen hans har blitt kyrkje.

Med fem kanalar på tre språk er SAT-7 til stades i mylderet av kanaltilbod i Midtausten. Via drama, aktualitetsprogram, song og musikk, live show der du kan ringa inn på direkten, undervisning og forkynning, er SAT-7 ei kristen stemme. Ein veit heilt sikkert at minst 25 millionar ser på programma, og responsen via telefon og sosiale media kjem frå heile regionen.

Å gjera Bibelen tilgjengeleg for små og store

Bibelselskapet i Egypt har 17 bokhandlar spreidde ut over landet. I tillegg til dei som arbeider i butikkane, er det ein stor stab som tar seg av sal og levering direkte til kyrkjelydar, skular og privatpersonar. NMS støttar butikken i Gomhoriyya i gamle Kairo slik at varene kan seljast til ein overkomeleg pris. Det er nemleg forbode å dela ut bøker og hefte gratis.

Å gi kvinner tru på seg sjølv

Kvinner blir behandla som annanrangs borgarar. Trakassering og overgrep er daglegdags. Behovet for å lækja sår og byggja sjølvbilde og identitet er stort. Gjennom medieorganisasjonen Middle East Media og Anafora retreat- og kurssenter når vi mange både direkte og på sosiale medier.

Oppfølgiing frå NMS

E-post til kyrkjelyden tre gonger i året. Film/powerpoint ein til to gonger i året. Eiga side for kyrkjelyden på www.nms.no . Eventuelle besøk på førespurnad.

Kontaktinformasjon

Tlf: 51 51 61 00. E-post: info@nms.no.

Postadresse: Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger.

Adresse til lokal informant ligg på kyrkjelyden si side på www.nms.no.

FAKTA OM MIDTAUSTEN

Strekkjer seg frå Marokko til Afghanistan, frå Tyrkia til Sør-Sudan, og har 500 millionar innbyggjarar. To tredjedelar er arabisktalande, og regionen er gjennomgåande muslimsk. Krig og politisk uro herjar i fleire av landa. Kristne blir forfølgde, og mange reiser frå regionen.

KVA GJER NMS HER?

Saman med fleire partnarar kjempar NMS for menneskerettane. Kvinner er ei særleg utsett gruppe, og det er viktig å styrka sjølvbildet og identiteten deira. vi er med å dela evangeliet både via satellitt, internett og biblar i ein region som delvis er stengt for kristen misjon.